



Det ligg an til ei stor festhelg i bygda kommande helg. Det innskrenkar seg ikkje til den kombinerte konserten og dansen i Helgheim fredag som vi har omtala for seg. Det vil skje noko også laurdag og søndag.

Laurdag vil Systrene Nilsen ha pubkveld slik dei har hatt før i haust på dei siste laurdagane kvar måned.

Sundag er det klart for ny dansekveld på Helgheim i regi av eldsjelane Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland og dei kjem til å fylgja det same opplegget som dei plar gjera med danseøker og matøkt,

Det er ynskjeleg med langt større frammøte frå Uskedalen.

Dans er ikkje berre populært som TV-underhaldning for tida, men får stadig også aukande status som helsebringande aktivitet.

På biletet er to av dei trufaste Helgheim-dansarane i aksjon sist laurdag - det er Kåre og Jenny Hellevik frå Husnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen